

Retningslinjer for velferdsmidlar

For studentar ved fakultet for Naturvitenskap NTNU, våren 2021.

Bakgrunn

Fakultet for Naturvitenskap (NV) har bestemt å tildele Studentrådet NV inntil 60 000 kr for våren 2021 med mål om å styrke studentvelferden på NV-fakultetet. Pengane skal dekke tiltak på alle NV sine campus og studieområder. Spesielt vil tiltak som har lite tilgang på midlar bli prioritert. Studentrådet NV opnar derfor for moglegheita til å søke om støtte til prosjekt og tiltak initiert av studentar som kjem studentane ved fakultetet til gode. På grunn av den pågåande pandemien har fakultetet tildelt ekstra midlar for våren 2021, og retningslinjene er litt annleis for å prioritere sosiale og smittevernvennlege tiltak.

Kva støttast?

Følgjande *må* oppfyllest for å få innvilaga middel,

- Midla er tiltenkt studentinitierte prosjekt, arrangement, innkjøp av felles utstyr ol.
- Tiltaket må vere smittevernvennleg.
- Søknadar til individuelle prosjekt vurderast ikkje, med mindre det gjev eit tilbod til fleire av studentane ved fakultetet.
- Kurs og emner i regi av NTNU blir ikkje tildelt studentmidlar.
- Midlane skal *ikkje* brukast på alkoholholdig drikke.

Søknadane blir prioriterte etter ei heilheitsvurdering av følgjande kriterier,

- Velferdsmidlane er meint som oppstartsstøtte eller til gjennomføring av ekstratiltak. Dette kan avvikast dersom tiltaket forbetrar studentvelferden i høg grad.
- Kjeme flest mogleg studentar til gode.
- Prosjekt med sosiale og faglege mål vil bli prioriterte. På grunn av pandemi-situasjonen blir sosiale tiltak vektlagt ekstra.
- Mengde tilgjengelege midlar for søkar blir tatt i betraktning.

Korleis søke?

Fyll ut søknadsskjemaet under. *Det er viktig at du svarer på det vi spør om, slik at vi kan bedømme alle søknadar rettferdig.* Spørsmål sendast på e-post til ftv@sr-nv.no.

Du må laste opp eit grundig og detaljert kostnadsestimert for det du søker om. Det er viktig at det kjem tydeleg fram kva du søker om, og kva konkret midlane skal brukast til.

For søkjarar tilhøyrande eller i regi av etablert linjeforeining, foreining eller organisasjon skal det i tillegg leggjast ved reknskap og budsjett (dersom dette er tilgjengeleg) for den linjeforeining, foreining eller organisasjon tiltaket er knytta til. Dette gjeld til dømes for arrangement i regi av undergrupper tilknytt ei linjeforeining, der budsjett og reknskap for undergruppa og linjeforeininga skal leggjast ved. Dette er for å lettare vurdere kva søkarar/prosjekt som har størst behov for finansiering gjennom velferdsmidlane. Dersom det har blitt søkt om midlar frå andre stader, må dette oppgis.

Frist for å søke er 15. februar 2021, 23:59.

Gjennomføring

Det er ei forutsetning at midlane blir brukt på ein fornuftig og økonomisk måte, slik at flest mogleg kan ha nytte og glede av midlane. Ubrukte midla skal betalast tilbake. Det skal leverast ein rapport til Studentrådet NV om korleis midla vart brukte. Alle innkjøp av varer og tenester skal følgje dei reglar som gjeld for NTNU¹. Alle kjøp og bestillingar må spesifikt godkjennast og avtalast på forhand. Om det kjem nye smittevernreglar som gjer at tiltaket ikkje kan gjennomførast slik beskrive i søknaden, ta kontakt med ftv@sr-nv.no, slik at den kan vurderast om du kan bruke midla på ein annan måte.

¹<https://innsida.ntnu.no/wiki/-/wiki/Norsk/Anskaffelser>